



forum for  
natur og friluftsliv  
i  
Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
esak 17/7812

Leikanger 30.11.2017

[post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)

## **Innspel til Planprogram for regional plan for kultur for Sogn og Fjordane frå natur- og friluftsansjasjonar i FNF – forum for natur og friluftsliv.**

Planprogrammet på høyring er eit program tilpassa ein rein plan for kultur i tradisjonell meining. Det er uklart omtala i kor stor grad ein ny regional plan for kultur skal tilpassa seg Hordaland fylkeskommune sin regionale plan for kultur i høve fylkessamanslåing etter regionreformen. Der er fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett ein del av plan for kultur. Dette er såvidt drøfta i teksten, men det kjem ikkje fram i høyringsutkastet til planprogram for regional plan for kultur i SF ei tilpassing til slik innlemming. Det er ei klar svakheit ved programmet. Det vi finn omtala er dette: *Gjennom planprosessen skal vi dessutan førebu oss på å gå inn i ei regionreform. Planen må difor i nokon grad dreie seg om berøringspunkt og samhandling med Hordaland fylkeskommune. I prosessen og ferdig plan må vi halde oss til statlege føringar og nasjonal politikk på kulturområdet. Det blir viktig å følgje tett arbeidet med ny kulturmelding.*

Og følgjande:

*3.3 Regionale føringar Regional plan for kultur avløyser Kulturstrategi for Sogn og Fjordane 2015 - 2018 . Regional plan for kultur heng tett saman med Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019 og Regional plan for folke helse 2015 - 2025 . I vidare arbeidet med planen vi vurderer å integrere desse planane i regional plan for kultur. Vedteken festivalstrategi er føreset å bli ein del av regional plan for kultur. Generelt er det viktig å sikre kontakt mellom parallelle planprosessar, til dømes mellom kulturplanen og Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling . Tema knytte til kulturell og kreativ næring (KKN) bør takast opp gjennom revisjonen av Regional plan for verdiskaping Det vil i planarbeidet vere interessant å sjå på dei andre vestlandsfylka si tilnærming til regionalt kulturarbeid. Særleg relevant er Hordaland fylkeskommune sin regionale plan for kultur 2015 - 2025.*

Regional plan for kultur i Hordaland tek opp i seg langt fleire tema enn planprogram for regional plan for kultur i Sogn og Fjordane legg opp til. Vi kan såleis ikkje sjå ei reell førebuing til samhandling. Rykta svirrar frå tilsette i SFFK at Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skal inn i regional plan for kultur, sidan den noverande gjeld fram til og med 2019, vi skal slåast saman med Hordaland i 2020 og regional plan for kultur i SF skal gjelde fram til 2027.

**Vi viser til Hordaland sin plan og inndelinga i denne på side 2-3**

[https://oskommune.no/\\_f/015acf6-0f3d-490f-84fc-aa48f752dac2/hfk\\_kulturplan.pdf](https://oskommune.no/_f/015acf6-0f3d-490f-84fc-aa48f752dac2/hfk_kulturplan.pdf)

**og kan ikkje sjå at planprogram på høyring viser til særlege nye berøringspunkt og samhandling. Skal Sogn og Fjordane sin regionale plan for kultur ta opp i seg fleire tema frå andre regionale planar som skal fasast ut, må dette vise att i nemnde planprogram!**

Vi viser og til vårt tidlegare innspel til ny kulturstrategi for Sogn og Fjordane i 2014 og at vi meiner naturarv og er ein del av kulturarven. Dette kjem tydeleg fram i innleiinga i HFK sin kulturplan: **1.2 VISJON, KULTUROMGREPET OG KVA PLANEN OMFATTAR**

*Visjonen for regional kulturplan er å vidareutvikle Hordaland som ein leiande kulturregion. Visjonen gjev uttrykk for ein ambisjon om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på og utvikle verdiar. Kulturlivet i Hordaland skal markere seg på høgt nivå. Visjonen føreset monalege statlege, regionale og kommunale ressursar og samordning av ressursar på tvers av sjangrar, verksemder og forvaltingsnivå. **Kultur- og naturarv** skal bevarast, tradisjonar vidareutviklast og utfordrast og nye uttrykk skal skapast.*

**Konkrete innspel til teksten i planprogrammet:**

### **3. Rammer for planarbeidet – 3.2 Nasjonale føringar**

Om regional plan for kultur skal ta i seg plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vil også desse nasjonale føringane vere gjeldande (kilde: HFK Kulturplan)(eigne uthevingar).

Folkehelsearbeidet skal ifølgje **Folkehelselova** fremje helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar set i verk tiltak og samordnar folkehelsearbeidet.

**Friluftslova** skisserer kommunen, fylkeskommunen og Fylkesmannen sine arbeidsoppgåver med å fremje allmenne friluftinteresser. Fylkeskommunen skal medverke i sakshandsaminga av saker som vert handsama av eit statleg organ. Departementet kan gje fylkeskommunen ansvaret for nærare bestemte oppgåver for å fremje og legge til rette for friluftslivet. Kommunen og fylkeskommunen har rett til å opptre, klage og i tilfelle reise søksmål for å ta seg av allmenta sine interesser i alle saker av interesse for friluftslivet.

**Pengespellova** fordeler overskotet frå speleverksemda med 64 % til idrettsføremål, 18 % til kulturføremål og 18 % til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, som ikkje er knytt til Norges idrettsforbund. Midlane vert fordelte av Kongen.<sup>6</sup>

Fylkeskommunane har gjennom kongeleg resolusjon av 3. april 1987 fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Departementet krev at fylka og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitik.

### **3.3 Regionale føringar**

*«Regional plan for kultur avløyser Kulturstrategi for Sogn og Fjordane 2015 - 20 18 . Regional plan for kultur heng tett saman med Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 20 19 og Regional plan for folke helse 2015 - 20 25 . I vidare arbeidet med planen vi vurdere å integrere desse planane i regional plan for kultur. Vedteken festivalstrategi er føreset å bli ein del av regional plan for kultur. Generelt er det viktig å sikre kontakt mellom parallelle planprosessar, til dømes mellom kulturplanen og Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling . Tema knytte til kulturell og kreativ næring (KKN) bør*

*takast opp gjennom revisjonen av Regional plan for verdiskaping Det vil i planarbeidet vere interessant å sjå på dei andre vestlandsfylka si tilnærming til regionalt kulturarbeid. Særleg relevant er Hordaland fylkeskommune sin regionale plan for kultur 2015 – 2025.»*

Her kjem det fram at ein ser føre seg å integrere plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i kulturplanen, men lite om korleis og kva andre føringar som skal gjelde. Dette bør inn i planprogrammet no. Om festivalstrategi, naturarv og friluftsliv så har vi ein rekkje festivalar i fylket tufta på naturbruk og friluftsliv, der vi kan nemne Fjellsportfestivalen i Sogndal, Highcamp i Luster, Brefestivalen i Luster, Våt morro i Florø, Folvenfestivalen (sykkel) i Stryn, Strynefestivalen (ski), Friluftsfestivalen i Hyen, Topptursymposium Vatnahalsen i Aurland, Vandrefestivalen i Aurlandsdalen, Nasjonalparkfestivalen under Storen, Vetti og Årdal, Fiskefestivalar i Jølster og Luster, og truleg fleire enn de vi har lista opp her. Desse er med på å sikre aktivitet, stadattraktivitet og – identitet. Desse bør og reknast inn som kulturinstitusjonar og som viktig merkevare nasjonalt, regionalt og lokalt. Naturarven er basis for mykje kultur og aktivitet og slik bør landskap og naturmiljø også inn som ansvarsfelt i regional plan for kultur i eit utvida omgrep.

## **5. Hovudmål**

- Kulturfeltet skal bidra til skape gode lokalsamfunn
- Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale fyrtårn

Dei to hovudmåla femnar breitt, men gode lokalsamfunn gir og høve til gode opplevingar i nærmiljø og nærnatur. Vi meiner at å avgrense dette, i første hovudmål, til å handle om *i og mellom husa* vert for snevert. Naturarven bør og vere ein del av denne planen.

Drift og planlegging av *Kraftsenter og fyrtårn* må settast i langsiktige og berekraftige perspektiv.

## **6. Plantema**

I andre avsnitt nemnast alle tema som ein ny regional plan for kultur kan femne om, og dette er ei god og viktig presisering. Lenger nede vert det føreslege ei avgrensing til to hovudtema for planen:

- Kulturelle ressursar og verdiskaping
- Deltaking og oppleving

Og vidare at desse to tema på kvar sin måte skal bidra til å oppfylle måla. Her må leggest til punkt som sikrar at alle aktuelle deltema vert følgt opp i planen.

Vi finn til dømes ingenting om korleis ein vil følgje opp dei ulike handlingsprogram frå andre regionale planer som no vil inngå i regional plan for kultur.

### **Planprogrammet må tydeleg femne om dei tema ein skal inkludera i ny plan:**

Korleis ein vel å ta inn tema som kulturarv og naturarv, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, folkehelse m.m. må tydeleggjerast i planprogrammet.

### **Medverknad:**

Representantar for alle aktuelle tema bør inviterast inn til innspelsmøte til planarbeidet.

Vi viser til tidlegare innspel til Kulturstrategien, datert 15.01.2014 som vi framleis meiner er aktuell:

### **Norsk natur er ein viktig del av norsk kultur.**

Naturen har også ein stor kulturverdi. Den gir rom for oppleving av natur og landskap, identitet, fellesskap gjennom fysisk aktivitet, friluftsliv, idrett og hausting av verdiar som bær, sopp, planter, fisk og vilt. Alt dette er ein viktig del av den norske kulturarven som det er viktig å ta vare på. Immatriell kultur må vidareformidlast og kunnskap delast og lærast for å kunne ivaretakast og heldt i hevd. For natur- og friluftorganisasjonane er det viktig at det vert lagt til rette for at våre naturgjevne ressursar kan og vert utnytta på ein god måte. At Sogn og Fjordane vert oppfatta som ein attraktiv stad for dei som vil leve friluftslivet.

### **Kulturomgrepet bør inkludere fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett.**

Organisasjonane, som driv med ulike friluftslivsaktivitetar i naturen og hegnar om naturverdiane og formidlar desse vidare til nye generasjonar, har ei sentral rolle i kulturlivet. Natur- og friluftorganisasjonane har naturen som arena. Naturen i seg sjølv har kulturell verdi, område med verdi for friluftsliv har og kulturell verdi gjennom sin bruk og organisasjonane har ein vesentleg verdi for kulturlivet i samfunnet.

Landskapet i fylket har vore nytta gjennom tidene frå fjord, fjøre til fjell og er såleis mest alt kulturlandskap. Friluftslivet kan sjåast på som ein vidareføring av eldre tradisjonar med å vera ute og vidarefører mykje kunnskap om å ferdast ute, i ulike landskap og terreng på ein trygg måte og om korleis ein kan hauste av naturen. Skjøtsel av tradisjonelt haustingslandskap og rydding av ferdslveggar og stiar er også viktig for friluftslivet og ferdsel i naturen. Ny teknologi gjev nye og gode høve for formidling av både natur- og kulturverdiar til dei som ferdast ute. Turlaga har no 320 turpostar i fylket, mange av desse går nettopp til stølar og stølsområde. I noken kommunar har dei både støls- og toppturtrim. Samarbeid mellom historielag, kultur- og fortidsminneforeningar bør bli eit større satsingsområde framover. Dette kan styrke lokal identitet og busetting i distrikta.

Tur-, hauste-, og vernetradisjonane er i endring etter som samfunnet endrar seg. Arenaer for formidling av kunnskap, gode naturopplevingar og oppleving av fellesskap og tryggleik er viktig for å ivareta lokale friluftsliv- og kulturtradisjonar. Det er ei stor oppgåve for organisasjonane å formidla og føre vidare det tradisjonelle friluftslivet. Styrking av organisasjonane, administrativt for å styrke organisering av det frivillige arbeidet, er naudsynt for å kunne auke aktiviteten inn mot born, unge og inaktive. Løype- og stiprosjektene får fleire ut i naturen. Dei er særskilt viktige for turfolk, slik at dei kan kjenna seg trygge på ferdsel i naturen på eiga hand. Framhald og styrking av dette arbeidet er viktig, for vidareføring av friluftstradisjon, friluftsgleda og folkehelsa.

### **Vern om viktig og urørt natur.**

Naturen er friluftslivet sin arena og opp mot 80 % av det norske folk svarte i ein undersøking gjort av Aftenposten i 2012 at Norsk natur er norsk kultur. Inngrepsfrie og støyfrie områder har stor verdi og god forvaltning som sikrar desse mot øydeleggande inngrep i framtida er avgjerande. Til liks med at vi tek vare på materielle kulturverdiar må også den urørte naturen takast vare på for framtida.

Kystlagene i fylket som ligg under organisasjonen Forbundet Kysten, arbeider for å ta vare på tradisjonar samt fremja kulturverdiane som ligg langs kysten og fjordane våre. Målsetjinga er vern gjennom bruk. Kystledene er eit samarbeid mellom Forbundet Kysten, DNT og Friluftsrådernes Landsforbund. Kystleden i Nærøyfjorden er ein av desse i fylket.

Tilrettelegging for ikkjemotorisert ferdsel med enkel overnatting langs fjorden eller ute langsmed kysten. Formidling og vern av kystkultur, kystfriluftsliv gjennom bruk av tradisjonelle fartøy er kjerneområdet til kystlaga. Vern gjennom bruk er målsetjinga. Kystlaga restaurerer og nytter både buer, naust, landsettingsplassar og fartøy. Støtte til drift og inkludering av naudsynt infrastruktur i planarbeidet i kommunane er viktig for å styrke framhaldet i engasjementet.

Eit aktivt liv i friluft har tradisjonelt vore ein viktig del av norsk kultur. Det er med å bygge opp under lokal identitet og folkehelse. Natur- og friluftsforskingane bringer tradisjonane og kunnskapen vidare. Vi håper det vil syne att i kulturstrategien for Sogn og Fjordane, fylket med størst variasjon i naturarv i landet!

Investering i friluftsliv gjev minst firedobbelt att! Det er god avkastning :)

Med venleg helsing

Forbundet Kysten  
Lars Olav Rylandsholm, Kystlaget Hornelen  
Marny Tønnesen, Indre Sogn Kystlag

Sogn og Fjordane Turlag  
Astrid Kalstveit – Marino Ask

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Lin Hjelmeland Finjord - Thorleif Jakobsen

Norges Jeger og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane  
Per Norstein – Bjarne Huseklepp

Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dahle  
Koordinator

-----

### **Forum for natur og friluftsliv**

Elisabeth Dahle  
Koordinator

### **Sogn og Fjordane Turlag**

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet – Marino Ask, styreleiar SFT/FNF

Sogn og Fjordane Turlag



### **Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane**

Marit Vøien Nes, leiar – Marit Bendz, fylkessekretær



**Kystlaga i Sogn og Fjordane ved Hornelen Kystlag**

Lars Olav Rylandsholm



**NJFF Norges Jeger og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane**

Alf Erik Røyrvik, leiar

